NR. 6 DESEMBER 2006 33. ÅRGANG

# Øy Nytt

Kyrkjeblad for Øygarden



*Biletet er frå barnehagegudstenesta i Hjelme, desember 2005.*
*Foto: ONT*

## I dette nummeret kan du m.a. lesa:

Byggjer fredslandsby i Sør-Sudan .................................. Side 4
Julegåva – er den rettferdig? ........................................ Side 9
Barneleir ................................................................ Side 10
Julehelsingar frå Kenya ................................................ Side 12 og 13
Aksjon Håp ............................................................. Side 15
Ein trufast slitar gjennom 39 år ..................................... Side 16

SOKNEPRESTEN HAR ORDET



# Ta og Les!



*Biskop Ambrosius av Milano døyper Augustin.*

Vakker er soga til kyrkjefaren Augustin.
Etter eit liv borte frå Herren og mykje anfekting høyrde han ein dag at eit barn song: *"Ta og les!"*
Han tok dette som eit kall til å lese i Bibelen.
Det første ordet han fann, var Romarbrevet 13, 13:
**"Lat oss vandra sømeleg, som på lyse dagen, ikkje i festing og fyll, ikkje i hor og utskeiing, ikkje i strid og misunning."**
Dette eine ordet førte til at Augustin vart omvend.
Det står vidare:
**"...kled dykk i Herren Jesus Kristus,..(Rom.13,14a)**
Dette er óg eit godt ord for adventsfeiringa, som skal førebu oss rett på at Kristus kjem.
For óg denne heilage julefesten vil Herren ta inn i våre liv, i våre heimar, i samfunn-og kyrkje.

Denne hausten har vi merkt større interesse for kyrkja frå politisk hald enn vanleg. Dette ser vi positivt på, for likesæle kunne ha vore eit teikn på at det vi står for har mindre interesse.
Det er tilhøvet stat-kyrkje som vekker engasjement.
Slik òg i kommunen. Her ville fleirtalet framleis halde på statskyrkja.
Kyrkjestatsråden hadde òg invitert sokneråda i Øygarden til å gje fråsegn i spørsmålet om tilhøvet stat-kyrkje skal endrast.
Både i Blomvåg og Hjelme vart endring tilrådd, men det eine soknerådet hadde mest tru på lausare samband stat-kyrkje, det andre gjekk for fullt skilje.
Mange veit nok at soknepresten i mange år har vore motstandar av statskyrkja, og at eg gjerne viser til prof.dr.theol. Bernt T. Oftestad si bok:
"Den norske statsreligionen"(1998) når eg skal grunngje dette synet.
Men eg skulle ønskje at de alle, uansett syn i statskyrkjesaka, om de kjenner dykk nær eller fjernt frå kyrkja, ville ta med dykk vidare at Jesus sjølv hadde eit syn på kva Kyrkja er og skal vere.
Som prest ønskjer eg å vere Hans tenar og tene Hans Kyrkje.
Slik vart det òg for den store Augustin då han vart omvend.
Tilhøvet vårt til Jesus avgjer alt. Den kristne trua og den kristne kyrkja heng saman.
Eit viktig avsnitt om kyrkja i Bibelen finn vi i Matt.16,13-19.
*"Ta og Les!"*

Meir om Augustin her:
http://www.bible-researcher.com/tolle-lege.html
http://www.copticchurch.net/topics/synexarion/augustine.html
http://www.katolsk.no/biografi/augustin.htm


## Den norske kyrkja i Øygarden

**ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden**

| | |
|---|---|
| Utgjevar: | Blomvåg og Hjelme kyrkjelydar |
| Redaktør: | Odd N. Thormodsæter |
| Kontingent: | Min. kr 100,- pr. år innan kommunen |
| | Min. kr 150,- pr. år utanom kommunen |
| Takkeannonsar: | kr 100,- |
| Kontonr.: | 3628 07 02557 |
| Layout/trykk: | Grafisk Team AS |
| Distribusjon: | Hurtiglevering, Tjeldstø |
| | tlf. 98 66 53 29 |



**Kyrkjekontoret:**

| | |
|---|---|
| Vitjingsadresse: | Helse- og tenestesenteret, Rong |
| Postadresse: | Boks 144, 5331 Rong |
| Telefon: | 56 38 22 40 |
| Faks: | 56 38 22 41 |
| Vakttelefon: | 56 38 22 44 |
| E-post: | kontor@kyrkja.net |
| **Internettsider:** | **kyrkja.net** |
| Ekspedisjonstid: | måndag – fredag 0900 – 1500 |

**Tilsette:**

| | |
|---|---|
| **Kontorsekretær** | Kari Sandøy Rong |
| e-post: | kontor@kyrkja.net |
| | tlf. 56 38 22 40 |
| **Kyrkjelydspedagog** | Synnøve Sandøy Voldsund |
| e-post: | kyrkjelydspedagog@kyrkja.net |
| | tlf. 56 38 22 47 |
| **Kantor** | Anne Lise Grøm - permisjon |
| **Organistvikar** | Vegard Voldsund |
| e-post: | organist@kyrkja.net |
| | tlf. 56 38 22 45 |
| **Sokneprest** | Svenn Martinsen |
| e-post: | sokneprest@kyrkja.net |
| | tlf. 56 38 22 44 |
| **Kyrkjeverje** | Odd N. Thormodsæter |
| e-post: | kyrkjeverje@kyrkja.net |
| | tlf. 56 38 22 43 |

**Kyrkjene:**

| | |
|---|---|
| **Blomvåg kyrkje** | tlf. 56 38 70 22 |
| e-post: | blomvag.kyrkje@kyrkja.net |
| Kyrkjetenar/gravar: | Kåre Kristoffersen |
| | Nytt mobilnummer: **911 05 197** |
| Klokkar: | Ole Vik |
| **Hjelme kyrkje** | tlf 56 38 80 30 |
| e-post: | hjelme.kyrkje@kyrkja.net |
| Kyrkjetenar/gravar: | Kari B. Solheimslid |
| | Mobil 9772 74 57 |

**Råda:**

| | |
|---|---|
| Blomvåg sokneråd: | Leiar: Bente H. Guntveit |
| Hjelme sokneråd: | Leiar: Atle Dåvøy |
| Øygarden kyrkjelege fellesråd: | Leiar: Gustav Landro |


***Frist for stoff til nr 5/06 er 25. januar.***
***Til abonnent: 6. februar***

ORDFØRAREN HAR ORDET

# Kjære lesar av ØyNytt.

Lauvet er borte frå trea, regnet høljar ned og ein og anna kulingen kjem veltande mot oss. Me vert minna om årstidene som kjem og går. Sjølv om me ofte lengtar etter sol og varme, så er det noko godt over skifte av årstid. Me kan fyre i ovnen, tenne ljos og kose oss mens haustmørkret senkar seg over oss og vinteren står etter kvart for døra.
Vekene fyk av garde, det nærmar seg jul og årsskifte. Det er også på tide å planleggja neste halvår. Dei fleste av oss ser fram mot nokre dagar med ro og ettertanke. Det er godt med desse helgene, me kan ta ein liten pause og førebu oss til neste økt.

Kommunens aktivitetar går for fullt, nokre tenester 24 timar i døgeret. Våre tilsette står på for at innbyggarane våre skal få levert tenestene som kommunen er ansvarlig for. Det er eit stort spenn på tenestetilbodet og eit stort ansvar for politikarar og tilsette for å få alt så bra som mogeleg. Frå tid til annan føler nokon at me sviktar. Det er me lei oss for. Vårt mål er sjølvsagt å ha god kvalitet og betre det som ikkje fungerer godt.

Kommunen står framfor kostnadskrevjande utbyggingsprosjekt dei komande åra. Ein ny skule skal byggast på Toftøy. Me har starta arbeidet med barnehage på Rong og me skal leggja krøllgras på Nesemyra stadion. I tillegg held me på med vegutbetring, trafikksikring og kloakkering fleire stader i kommunen. Fleire andre tiltak ligg på planstadiet.

Dette året vedtok kommune-styret at administra-sjonen skal samlokali-serast på Tednebakkane, Rong. Det er eit historisk vedtak. Det vil nok gå enno eit år før alt kan vera på plass.

Biskopen gjennomførte visitas i kommunen. Han var godt nøgd med det han såg og fekk rapportert, både frå kyrkja og kommunen.



*Olav Martin Vik*

Dette året har nokon av oss mista nokon som stod oss nær. Saknet vert særleg sterkt ved høgtider og spesielle høve. Julebodskapen kjem til oss med trøyst og varme.
For meg er gledesbodet som englane bar ut over Betlehemsmarkene sentralt: "Ein frelsar er oss født".

Eg ynskjer kvar enkelt ei fredeleg og god jul, takkar for året som snart er omme og ynskjer alle eit godt nytt år.

*Vennleg helsing*

*Olav Martin Vik*
*Ordførar*

MIN SALME Av Margit Sæle Jørgensen

*Det som brest kan Jesus binda saman,*
*Han kan lækja alle hjartesår.*
*Han som ser og kjenner våre tankar,*
*Han kan gjera meir enn me forstår.*
*gå til dei som ber på tunge bører,*
*Tala om Guds kjærleik og Guds fred,*
*Tala om den store himmelgleda.*
*Den som Gud i Kristus har sett ned.*

*Han kan snu det vonde til det gode,*
*I hans hand vert sorg og glede vendt.*
*Jesus kom med evig liv til alle,*
*Me må gå og gjera dette kjent.*
*Alle må få del i denne gleda,*
*Ho er til for liten og for stor.*
*Ho er til for fattige og rike,*
*Ho er til for alle folk på jord.*

Til deg som slit og har tungt å bera, og kjempar med di sorg og sin smerte; eg vil så inderleg at du skal få kvila i Jesus. Han er her for *deg* med utstrakte hender, for å hjelpa, tryggja og trøysta. Du er kanskje den som har fått ein ny sjanse nokre gonger, men enno ikkje har tatt imot Jesus, eller har latt bitterheten fått overtaket pga. dårlege erfaringar med andre kristne. Det er ikkje sikkert du får fleire sjansar. Grip anledningen no! Strekk ut handa di, legg ho i Jesu hand, og han vil vera med deg steg for steg. *"Av nåde er de frelst ved tru, det er ikkje dykkar eige verk",* står det i Bibelen. Trua er ikkje målt i %. Det viktigaste er ikkje kor stor tru du har men *at* du trur. Det er ikkje alltid ting går slik vi vil på vår vandring med Jesus, men ting går lettare. Eg har opplevd mykje vondt og vanskeleg i livet mitt, og gjer det fortsatt, men kvart steg er Jesus med og støttar meg. Eg vil så inderleg at du skal få oppleve at Jesus er der for deg òg.
JESUS ELSKAR DEG!



*Margit Sæle Jørgensen*

*Eg utfordrar Leif Gunnar Vik til neste nr.*

# Innsamlingsprosjektet julaftan i kyrkjene i Øygarden

**Sammen med Strømmestiftelsen er Biskop Paride Taban i Sør Sudan i gang med å bygge en fredslandsby, Holy Trinity Peace Village, i Kuron.**
**- Jeg har en drøm om et samfunn der mennesker med forskjellig etnisk og religiøs bakgrunn kan leve side om side i harmoni, fellesskap og fred med hverandre, sier Biskop Paride Taban.**
**I dag er denne drømmen i ferd med å bli virkelighet for den kjente biskopen som gjennom et langt liv har kjempet for fred og forsoning i et nå fritt Sør -Sudan.**



Foto: Aanund Saaghus

*På et høydedrag utenfor landsbyen har en fin oversikt over området der landsbyen skal bygges. Området til venstre utgjør området der fredslandsbyen skal bygges. Til høyre på bildet er en av de lokale landsbyene i området.*

# Bygger fredslandsby i Sør-Sudan

**Av Egil Mongstad**
tekst

Det er i dette Sudan – det nye Sudan - at Strømmestiftelsen er i gang med å utvikle fredslandsbyen Holy Trinity Peace Villagesammen med Biskop Paride Taban.

- Jeg vil bygge landsbyen for fremtidens Sudan. Det skal være et sted der folk fra ulike stammer skal leve sammen, og ut fra det være et redskap for å bygge fred og forsoning i Sudan, sa Paride Taban da han besøkte Strømmestiftelsen for et år siden.

Paride som er 70 år gammel har gjennom et langt liv arbeidet for fred i det krigstrette landet og fremstått som en av de fremste kritikerne av regimet i Karthoum. For sin kamp for et fritt Sør Sudan har han vært både fengslet og torturert. Mange vil hevde at Paride har vært for Sør Sudan det som Biskop Tutu var for Sør Afrika – mindre kjent her i Norge, men desto bedre kjent hjemme i Sør Sudan der han har stått i fremste rekke for at sitt folk.

**En drøm går i oppfyllelse**

Fredslandsbyen bygges i Kuron, et område 17 mil nordøst for Narus og fem mil fra Etiopia lenger øst. I dag lever det rundt 80 familier her, men målet er rundt 300. Skoler for jenter og gutter, konferansesenter, fred og forsoningssenter, voksenopplæring, to vanndammer, helsesenter, gjestehus, landingsstripe for fly, og en forsøksgård, er noe av innholdet i landsbyen. Strømmestiftelsen skal mellom annet ha ansvar for å bygge og legge til rette for skolene og lærerboliger.



Foto: Aanund Saaghus

*Strømmestiftelsen skal mellom annet bygge skoler og lærerboliger. Her er lokale arbeidere i ferd med å sette opp skolebygget som har tre klasserom.*

- Dette har vært en drøm for meg. Alene har jeg ingen mulighet for å gjennomføre dette. Derfor er jeg svært glad Strømmestiftelsen er med meg i arbeidet for å utdanne dagens barn til morgendagens ledere i Sudan. Jeg er en person som aldri gir opp, og jeg takker Strømmestiftelsen for at dere vil være med meg i å oppfostre dette barnet, sier Paride.

**Lærer nyere dyrkingsmetoder**

I et område der sult har vært et kjent begrep i generasjoner er jordbruksutvikling, i tillegg til fredsarbeid og utdanning, et av områdene biskopen vil arbeide med. En demonstrasjonsgård skal mellom annet vise nye og bedre dyrkingsmetoder. For her er jorda fruktbar og kan, med godt stell, gi store avlinger.

**Skole og utdanning**

I dette området er det få som kan lese og skrive. Men ønsket om å lære er stort og Strømmestiftelsen er alt i gang med å bygge skoler. Kristiansanderen Aanund Saaghus var sist høst to måneder i Kuron for å starte byggingen. Det første bygget er alt ferdig og elevene har flyttet inn. To kvinnelige lærere underviser elevene som i første klasse er i alderen 10 – 20 år, mens de som går i førskolen er fra åtte ni år og oppover.

Flere av elevene må gå to til tre dager før de kommer til skolen. De bor hos familier i landsbyen og reiser hjem av og til.

- Barna er svært motivert. Her kan ingen lese, verken store eller små, derfor er det så viktig at vi er i gang med dette. I dette området kan ingen lese og skrive, verken store eller små. Derfor er det så viktig å komme i gang og spesielt at jentene kommer med, sier Saaghus.

Målet er å bygge tre skolebygg med plass til 300 elever. I tillegg skal Strømmestiftelsen bygge lærerboliger.



Foto: Aanund Saaghus

*Biskop Paride Taban har flyttet til fredslandsbyen der han ledere arbeidet. Her er han sammen med noen av innbyggerne i landsbyen*


**Vi hjelper folk i gang.**

**Strømmestiftelsen er utviklingsorganisasjonen som hjelper folk i gang. Som gir fattige mennesker starthjelp til å klare seg på egenhånd. Lang erfaring har vist oss at milde gaver ikke hjelper folk ut av fattigdom. Derfor gir vi heller muligheter!**

**Støtt arbeidet: Se mer på www.strommestiftelsen.no**

**Strømme stiftelsen**


Denne siden er laget av Strømmestiftelsen.

# "Det skjedde i de dager –"

Av prost Erling Kopperud

**Ja, julen handler om en hendelse som har skjedd på vår jord. En helt spesiell begivenhet: Julenatten er et under satt i scene av Gud – for din og min skyld.**

Det skjedde i de dager at Gud ga oss en frelser. Juleevangeliet sier det helt tydelig:
" – i dag er det født dere en frelser … han er Kristus, Herren".

At Gud sender sin Sønn til verden, har meg og deg til adresse. Gud vil gi deg sin glede og fred. Det er din verden han vil dele. Det er din byrde han vil bære. Og det er dine synder han vil slette ut.

Før vi får satt det rette personlige pronomen på juleevangeliet – "for deg", "for meg" – har vi egentlig ikke grepet det. Gud satte himmel og jord i bevegelse for å redde oss. Det er julens hovedsak. Alt annet er rammeverk og pynt som har sin korte tid. Men julens glede er varig, fordi den skaper troen på en frelser og en venn som ikke kom på snarvisitt, men er hos oss alle dager inntil verdens ende.

Julenattens mørke bakgrunn er det bitre faktum at Gud og menneske er kommet fra hverandre på grunn av vår egoisme, ulydighet og synd. Derfor kom Jesus for å sette i stand det synd og skyld hadde ødelagt.




"Fred på jorden", sang englene. "Fred", sjalom, betyr i Bibelens språkbruk nettopp at det som før var splittet og ødelagt, nå er brakt i orden igjen. At det som var knust er helt igjen.

Jesus kom for å forsone oss med Gud. Og derfor ligger det i juleevangeliet en sterk og varm innbydelse fra Gud om å ta i mot den største gave: frelsen i Jesus Kristus. For gaver må jo tas i mot, ikke sant? Så kan vi leve forsont med Ham og med hverandre – i en god samvittighet.

# Minibokhandelen




Vi har fått inn ein del nye gåvebøker som høver både som julehelsing og som oppmuntringsgåver. Nye CD-ar er også på plass. Er det spesielle bøker/CD-ar du ønskjer å kjøpa, skaffar vi dei gjerne. Ta kontakt, så ordnar vi resten!
*Helsing oss på kyrkjekontoret*

# ØyNytt-rosa

Bomvåg sokneråd vil få takka Anne Karin Blom for trufast frivillig teneste med stell av blomane på altaret i Blomvåg kyrkje. Guds signing over tenesta di!



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden prestegjeld
Kyrkjeverja

Rong, desember 2006

# Opplysningar om gravlagde

Vi held for tida på med å registrera på data alle gravlagde i ØYGARDEN. For enkelte gravlagde manglar vi ein del opplysningar. Særleg gjeld dette kven som no er ansvarleg festar for grav(er).

Vi ber difor om hjelp frå deg som er ansvarleg for ei eller fleire graver om å fylla ut skjemaet nedanfor og returnera det til kyrkjekontoret snarast.

| Gravlagt 1: Namn: | | |
|---|---|---|
| Fødselsår: | Dødsår: | Gravplass: |
| | | |
| Gravlagt 2: Namn: | | |
| Fødselsår: | Dødsår: | Gravplass: |
| | | |
| Gravlagt 3: Namn: | | |
| Fødselsår: | Dødsår | Gravplass: |
| | | |
| Gravlagt 4: Namn: | | |
| Fødselsår: | Dødsår: | Gravplass: |
| Ansvarleg festar, Namn/adresse: | | Personnr:____________________<br>Telefon:____________________ |

Underskrift ansvarleg festar:

Skjema kan du også få ved å venda deg til kyrkjekontoret, eller til kyrkjetenarane.

For Øygarden kyrkjelege fellesråd:

Odd N. Thormodsæter
kyrkjeverje

**Postadresse:**
Postboks 144
5331 Rong
e-post: kyrkjeverje@kyrkja.net

**Telefonar / telefaks:**
Telefon: 56382240
Direktenr.: 56382243
Telefaks: 56382241

**Besøksadresse:**
Helse- og Tenestesenteret, Rong
**Organisasjonsnr.:**
Øygarden kyrkjelege Fellesråd: 976 995 430

# Kjøp kjapt, trygt og billig

KIWI mini pris

Søre Sæle

**Tlf. 56 38 71 20**

**Ny opningstid på lørdager til kl. 20.00.**

**Din totalleverandør i Øygarden**

ØYGARDEN BYGGSENTER

TH BHAS BYGG

ØYGARDEN BOLIGUTVIKLING

Tlf. 56 38 28 00, faks 56 38 28 09
Adr. Pålsneset, 5337 Rong
www.th-bygg.no

**Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø**

Har lokale til ca 100 personar.
Arrangerer byllaup, konfirmasjonar og andre tilstellingar.

Kan levera mat til alle anledningar.
Middag, koldtbord og snittar.

Tlf. 5638 9380

**Inderøy Taxi & Transport**

1 - 11 passasjerer
Rullestol

Telefon: 56 38 77 73
Mobil: 90 59 90 59

BERGEN OG OMEGN
**BEGRAVELSEHJELP**



Teatergt. 20, 5010 Bergen
Tlf. 55 21 44 50

- DØGNVAKT
- PARKERING
- BLOMSTER
- MONUMENTER

**Rossnes Taxi**

Magne Ingvald Rossnes.

Tinging av turar på
tlf: 56 38 91 91/ 951 12 634

*Åsane Begravelsesbyrå AS*
v/Johannes Blom
Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES
Døgnvakt tlf.: 5518 9000

**Gravminner**

Leveres ferdig montert med garanti.
Be om katalog og pris.
Skrifthugging og oppussing utføres.



Bjørn Solheimslid
5336 TJELDSTØ
Tlf. 5638 9534 / 4004 1045

*Solstrands Begravelsesbyrå*

Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet
E-post: post@solstrands.no
*Vår erfaring - din trygghet*

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen



Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølgning og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 4, 5353 Straume ( samme hus som Ligningskontoret )

# Den kulturelle skulesekken

14.-16. nov. hadde Blomvåg kyrkje besøk av alle 6. klassingane i Øygarden. I eit tre timar langt besøk lærte kyrkjelydspedagogen dei om historia til kyrkja, arkitektur, symbolbruk og fekk lage glassmaleri. (Glassmaleria er utstilt på biblioteket no i adventstida.)
Me ynskjer skuleklassane velkommen tilbake ved eit seinare høve!
Her er nokre bilete frå besøket:

(foto: Torstein Nordhaug)









# Øygardingar på Kina-tur

Frå 2. – 10. november var kyrkjeverja i Øygarden reiseleiar for 28 deltakarar på tur til Kina.
Fire av desse var frå Øygarden. Her ser vi dei på den kinesiske muren. Frå venstre: Richard og Annlaug Jentoft, Jorunn S. Torsvik og Kjellaug Dale.
I bakgrunnen til høgre ser vi logoen til neste OL i Beijing i 2008 med tittelen: "One World One Dream"



# Kyrkja i Fjell, eit

**Fjell sokneråd er det første kyrkjelege fellesrådet i landet som blir MILJØFYRTÅRN, dette vart markert tysdag 24 oktober i Foldnes kyrkje.**

Det er kommunen som har mynde til å sertifisere, dette skjedde i mai då soknerådet etter nærare 1,5 års forarbeid var klar. Ordførar Jan Utkilen overrekte denne dagen miljøsertifikatet som ei endeleg stadfesting på soknerådet si satsing på miljø.

Det er stiftelsen Miljøfyrtårn som har utarbeidd bransjekrava som no gjer det mogleg og for kyrkjelege fellesråd å oppnå eit slikt miljøstempel. I Fjell er både kyrkjer, kyrkjegardar og felleskontoret til dei tilsette ein del av denne miljøsertifiseringa. Mellom anna har no besøkjande på kyrkjegardane i kommunen høve til å sortere avfall, det er installert varmepumpe i ei av kyrkjene og i alle kyrkjer og på kyrkjekontoret vert det berre servert "rettferdig" kaffi og te.

Denne måten å arbeide systematisk med miljøspørsmål på kan både gjere kyrkja meir medveten på eige miljøansvar, men og vere med å motivere andre i lokalsamfunnet til felles innsats for miljøet.

- For kyrkja er ansvar for miljøet djupast sett ei forplikting vi ikkje kan unngå å ta på alvor, seier kyrkjeverje i Fjell, Sissel Vartdal. Det kyrkjelege miljøengasjementet er ikkje av ny dato; kyrkjemøtevedtak frå 1996, 2001 og 2003 om "forbruk og rettferd" understrekar alle vårt forvaltaransvar i sterke ordelag. Den norske kyrkja er gjennom sine 1300 sokn ein stor forvaltar, men og ein stor forbrukar. For at kyrkja skal kunne vere ei tydeleg og truverdig røyst i miljøkampen treng vi først å feie for eiga dør, avsluttar Vartdal.

# Julegåva – er den rettferdig?

Ein juleaktivitet for heile familien.

**Rettferdig julegåve? Kva meiner du? tenker du, kanskje lettare irritert. Skal gleda over å gje julegåver også bli tatt frå oss no?**

Kristin Lødøen Hope
Prosjektleiar forbruk og rettferd,
Bjørgvin Bispedøme



Gleda over å gje, er for mange større enn det å få. Spenninga er stor på julekvelden; Vil ho like den? Nokre av oss kosar seg med å planlegge innkjøp av gåver. Vi er gjerne ute i god tid, og tenker varme tankar om dei vi er glade i. Kanskje lagar du noko med eigne hender. Andre av oss synest heile julegåvemaset er eit stress. Ikkje ønskjer vi oss noko heller. For vi har jo så mange ting. Og det vi ikkje har, kan vi kjøpe sjølv. "Til den som har alt" lokkar reklamen og presenterer duppedingsar vi etter alt og døme ikkje kan klare oss utan. Eller? Undersøkingar viser at det vi nordmenn ynskjer oss mest av alt er tid. Meir tid saman med dei vi er glad i. Meir tid til å dyrke hobbyar eller gjere kvalitetsting. Gåvekort med snømåking, barnepass, kinobillettar, massasje og liknande har blitt umåteleg populære som alternative julegåver (sjå www.fremtiden.no og www.gronnhverdag.no ). For andre er ein gåvesjekk til nokon som verkeleg treng det, vel så greitt som ei personleg gåve (sjå t.d. www.reddbarna.no , www.kirkensnodhjelp.no ).

**God tradisjon**

Julegåver har lang tradisjon. Dei bar fram gull, røykelse og myrra til det vesle Jesusbarnet. Vi gir kvarandre gåver i takksemd over og som symbol på Jesusbarnet som den største gåva. Englane på marka forkynte ein glad bodskap… Jula er ei glad høgtid. Vi vil dele gleda med kvarandre, og ikkje minst med borna. Sjølv om barnerommet er fullt av leiker, er det ikkje til å kome forbi at det framleis er knytt store forventningar og spenning til julegåvene under juletreet. Det er berre rett og rimeleg at vi har ein tradisjon for å gje gåver til dei vi er glade i.

Men er det rett å gje ei gåve som er produsert under urettferdige og kritikkverdige forhold for den som har produsert gåva? Billig, billig, billig = Kjøpe, kjøpe, kjøpe. Undersøkingar viser likevel at 45 posent av alle nordmenn har dårleg samvit for å kjøpe varer som kanskje ikkje har ein tilfredsstillande etisk standard. Men korleis kan eg vite om ei vare har etisk standard, tenker du kanskje? Internasjonalt har vi ei merkeordning som garanterer rettferdige produkt (Max Havelaar/Fairtrade). I Noreg er det hittil mest matvarer å få tak i med denne garantien (sjå www.maxhavelaar.no ).




**Vi kan påverke**

Vi kan vere med på å påverke til eit etisk forbruk ved å vere bevisste konsumentar. Når julekvelden er over, la familien sette seg i sving med å finne ut kor gåva er produsert. Ok, mest sannsynleg Kina ja. Kan de finne ut kor hen i Kina? Kva er namnet på fabrikken? Korleis er forholda for dei som jobbar der? Selskapet som sel produktet, har dei nokon etisk profil eller mål som dei jobbar mot? Kva seier andre media og kritiske røyster om dette selskapet? Går du inn på nettsida www.etiskforbruk.no kan du få mange gode tips og lenkar til korleis du kan gå fram for å finne ut den etiske standarden til eit produkt. La det gå sport i å finne ut mest! Med ein e-post til importøren kan du vere med på å gjere julegåvene litt meir rettferdige…



*God jul!*

# 6.-7. klasse leir på Skjergardsheimen 10.-12. nov. 2006





Hei alle dere 25 jenter og 29 gutter som var på denne leiren. Jeg og de andre ni lederne syns vi hadde noen flotte dager i lag med dere på Skjergardsheimen. Husker dere det artige sporløpet? Svampkastingen der jeg ble truffet av ganske mange VELDIG våte svamper. En i munnen til og med! Skjergardsheimsbussen som ble dyttet bortover og eggkastingen? Dere var veldig flinke!! Moro kvelden var også ett høydepunkt på leiren; noen som ble pakket inn i doruller, Magnus som spilte tre personer samtidig, sang- og skrikelekene og dramastykket med mer. Jeg koste meg virkelig og det tror jeg dere også gjorde. Det største på leiren syns jeg var bibeltimene, møtene og temaet på leiren; "*Du og eg, interessante nok?*" Husker dere hva Bodil sa, og de flotte tegningene hennes? DU er interessant for Gud. For Han er du dyrebar og høyt elsket. Du er Hans øyenstein. Han ga livet for DEG, så DU skulle få leve.





Håper dere koste dere på leiren alle sammen, med leker, aktiviteter, fritid og møter. Dere var veldig flinke i kirken da dere sang og deltok med forskjellige ting framfor en fullsatt Blomvåg kirke! Håper vi treffes snart igjen og at dere alltid vil følge Jesus. Husk: DU er interessant nok!!





Hilsen leirsjef
Solveig Bartun Rob

# Barneuke på Vik

Onsdag 15.11 til søndag 19.11 var det barneuke på Vik bedehus. Barne- og ungdomssekretær Ann Elin Dyrøy og barne- og ungdomsarbeider Solveig Bartun Rob var med alle dager.





Hver kveld var det rundt 50 personer som møtte opp! Vi startet med *Bli kjent kveld* onsdag og fortsatte med *Mosjon og misjon* torsdag. Alle dager ble kollekten samlet inn ved hjelp av en støvsuger. Det var stor suksess! Vi støvsugde inn masse penger!! Hver dag tegnet vi inn på Linkus-søylen hvor mye vi fikk inn. Linkus er maskotten i barnebladet "Superblink". Hele 5469 kr fikk vi inn til Barna misjonsprosjekt i Tanzania! Utrolig bra!!






Fredag er Yngres-dag og vi var med der og hadde leirkveld. På leirkvelden stod leirplassen Sætervika i fokus. Og det ble vist både film og bilder derfra.

Hele uken hadde vi temaet "*Jesus elsker DEG*". Og vi hørte om hva kjærlighet er, hvor høyt vi er elsket av Gud og hvor dyrebar og verdifull vi er i Hans øyne.
"*I dette er kjærligheten; ikke at vi har elsket Gud, men at HAN har elsket oss og sendt sin sønn til soning for våre synder*" (1. Joh.4.10). Vi hørte òg om Jesus, Kongenes konge som vil være konge i vårt liv. Tenk; En konge elsker DEG og bryr seg om deg!



Søndag avsluttet vi med familiemøte for store og små. På familiemøtet fikk vi høre om hvor viktig det er å gi ALT til Jesus, og at når han får velsigne blir det nok til mange. Det blir til og med til overs!
Vi syns vi hadde en veldig flott uke i Øygarden og vi håper dere som var der alltid vil huske at Jesus elsker DEG!!

Hilsen fra
Solveig Bartun Rob

# Julehelsing frå Nairobi

## *"Jeg hadde en farm i Afrika ved foten av fjellet Ngong"*

Slik startar Karen Blixen romanen "Out of Africa", som var grunnlaget for den kjende filmen med det same namnet. Det er freistande å halda fram: "*Det ligg ein norsk skule ved foten av fjellet Ngong.*" For her, i utkanten av millionbyen Nairobi, ligg Norwegian Community School. Det er her me har fått privilegiet å utføra ei teneste for misjonen.

Adventstida her i Nairobi er nok svært annleis enn i Noreg. Hauststormar og mørke dagar er langt unna. Me har jo hatt litt regnvêr me òg..- den vesle regntida,- men det er småtteri mot vind og regn i kamp om å riva ned busetnad, og personar som må ut for å røra på lekamen. Etter å ha budd i Øygarden i over 20 år har paraplyen vore svært sjeldan nytta. Men her nede vart eg glad då paraplyen låg og venta i eit skåp, og eg kom meg relativt tørr bort til skulen. Regnet som har kome ned her sør – har kome i bøttevis, – men vips – så klarnar det att. I motsetnad til oss nordmenn som blir vêrsjuke av regn og uver – smiler kenyanarane og takkar Gud for vatnet som kom. Dei har åkrar som så sårt treng til væte. Dei er avhengige av at det vert god avling….



Vekene går utruleg fort også her nede. Fellesperioden starta i slutten av november. Då kom alle misjonærane inn frå felta til felles skuleperiode,– og me var saman her på Nairobi stasjon nokre veker. Dette var ei aktiv tid. Det "krydde" av born og vaksne på tomta.

Skuleklassane vaks, og me hadde ulik juleførebuing med elevane, som t.d. julespel, juleverkstad og songar. Ein stor julefest vart halden før dei ulike familiane returnerte til dei ulike misjonsstasjonane i Kenya og Tanzania. Desse vekene fekk me god innsikt i korleis kvardagen er ute på dei ulike misjonsstasjonane. Veldig spennande.

26. nov. hadde me felles nordisk advents-gudsteneste, og det var ein flott ettermiddag. Me tende adventslysa og song advents-songar , medan sola glitra utanfor vindaugo i kyrkja. Etterpå var det kyrkjekaffi – der alle hadde med seg litt å bita i – ute på plenen.

I skrivande stund sit Andreas og brenn julekaffien.(Her er ein del aktivitet, som me ikkje har heime.. ☺) Kjekt å ha sin eigenlaga kaffi! De skulle kjent lukta...

Tankane våre går til dykk der heime, og  me ynskjer for kvar einskild at de må få ei fredfull julehelg. Om me feirar jul i Noreg eller i varmare strok, er bodskapen den same;

***"I dag er det fødd dykk ein Frelsar, i Davids stad. Han er Kristus Herren !"***

**Helsing frå Kjersti og Andreas**

# Julehelsing frå familien Amenya i Kenya

Tida går så fort at det er berre så vidt vi heng med. No er vi alt midt i november og det er på tide å få av stad ei helsing til ØyNytt.

Det første vi må seie er at vi har det veldig bra her i Mombasa ved Det indiske hav. Kvardagen går i jobb og skule. Ungane  er kvar på sin plass. Christopher er i Nairobi og David er her saman med oss. Begge likar seg på skulen og har det greitt kvar på sin plass. Men for at vi ikkje skal ha for lange periodar frå kvarandre reiser David og mor til Nairobi og er der ei veke eller så. Då får David også høve til å vere saman med andre i sin klasse. Det er ikkje like enkelt å vere motivert når ein er heilt åleine i klassen.



Vi vaksne prøver å ta oss av det daglege. I vår fekk vi tak i eit rom å leige der Janesh kunne undervise. Fram til sommarferien var han her heime på terrassen og underviste eit par ungdommar. Det gjekk i lese- og skriveopplæring. Etter ferien tok han i bruk dette rommet og "klassen" auka til to grupper på til saman 11 pers. Ei gruppe er på føremiddag og ei ettermiddag. Han har med andre ord full dag med tanke på at alle er på ulikt nivå. Vi ser på det som gjerningar som Gud har lagt ferdige og let oss vandra i dei.

Vi har det så bra her og kjenner på at vi får vere i Guds plan med våre liv og der har vi mykje å takke for. Det er berre så vidt vi har lyst å komme tilbake til kalde nord, men vi gler oss til å treffe vener og kjente. Ja, vi har faktisk i tanken starta på prosessen at vi skal heim til Noreg i juni neste år, men før det er det mykje som skal skje. Det viktigaste er at vi kan finne gode løysningar for arbeidet no når vi reiser slik at det kan fortsette på ein god måtte. Dette er eit bønneemne framover både for oss og de som ber heime i Noreg. Be om at dei kontaktane vi har kan førast vidare av andre.

Det å leve i Afrika gjev oss mange flotte opplevingar både i å oppleve natur, dyreliv, folk og kultur. I sommar hadde vi med gjestar til ein av nasjonalparkane her i Kenya og det var berre å undre seg over dei store mengder med dyr vi såg, det var 10-tusener på 10-tusener. Ein står til slutt berre i undring over at det kan vere så mange!!

I haust har eg undra meg over Guds storverk! Alle folk i heile verda, både dei som lever no og har levt frå tida sin morgon. Alle har vi våre særtrekk! Ingen er like! Av alle menneske som har levt har alle fått forskjellige fingeravtrykk! Når Gud har fantasi til å finne nye mønster i handa på kvart menneske og kvar nyfødt baby! Kva er det då me bekymrar oss for? Gud som har gjeve oss mønsteret i handa har nok kapasitet til å ta seg av oss i vår kvardag. Når vi no skal feire jul til minne om at Gud kom til oss og vart menneske, så kan vi vere trygg på at han er interessert i å ha fellesskap med oss. Når Gud vart menneske var det ikkje for moro, for å finne ut korleis det er å vere menneske. Jesus vart menneske fordi det var einaste måten å frelse oss på. Han kom for alle som har ulikt mønster i handa.

Takk for omtanke og forbøn, vi set stor pris på det og merkar at vi har ein baktropp saman med oss. GOD JUL OG GODT NYTTÅR til alle lesarane av kyrkjebladet.

*Gode helsingar frå Janesh, Turid, Christopher og David Amenya*

SparebankenVest
- satser på Vestlandet

*Vi på Spar ønskjer alle våre kunder ei riktig God Jul*

SPAR

**RONGEBUA**

- **Stor jernvare**
- **Interiørvareavdeling**

Tlf. 56 38 71 40 RONG SENTER

**Juleartiklane er komen for fullt.**
**Fine julegåver. Ønskjer alle ei riktig God Jul.**

Mand-fred 10-18
Lørd 10-16
Tlf. 56 38 86 00
Fax 56 38 85 99

KLEOPATRA
Gave & Interiør
RONG SENTER

TIMEBESTILLING 56 38 73 90

trend Frisør
RONG SENTER

**Gode juletilbud på produkter.**
**Ønskjer alle ei riktig God Jul og Godt Nyttår.**

**Catering - Snitter/koldtbord + Varm mat**

KYSTEN RUNDT
Rong Kafe a/s

**Telefon 56 38 74 54** Rong Senter, Boks 13, 5331 Rong

**Bli brun selv om det regner**

**Ønsker du å leie sol hjem?**
Ring B-P-S Solutleie. Vi kan tilby 12--rørs solhimmel eller 20-rørs solseng med god kvalitet fritt levert Sotra og Øygarden
**Tlf 56 38 74 54 (dag), 56 38 73 22 (kveld) eller 91 85 62 58.**

BPS
Solutleie v/Arvid Rong
56 38 74 54 / 56 38 73 22




**Vi tilbyr i.d. bareMinerals makeup**

i.d. bareMinerals fremhever din naturlige glød og utstråling

Linjer, rynker og urenheter blir mindre synlig fordi pulveret bryter lysets stråler

i.d. bareMinerals foundations har naturlig UV-beskyttelse SPF15

i.d bareMinerals er basert på 100% rene knuste mineraler fra naturen

i.d .bareMinerals bedrer ubalansert hud

i.d bareMinerals så ren at du kan sove med den!

**i.d. bareMinerals FØLES naturlig, SER naturlig ut - fordi den ER det!**

**ØYGARDEN HUD & KROPPSPLEIE**
Rong senter • 56 38 95 15

Hydro Texaco

**Butikken har blitt mye større, med stort utvalg av godbiter fra vårt kjøkken.**
* Moderne bilverksted m/EU-kontoll
* Reperasjon av alle bilmerker
* Moderne vaskehall

MECA
Bilverksted
BLOM SERVICESENTER AS
5331 RONG - tlf. 56 38 72 80
Godkjent bilverksted

øygarden elektriske as
aut. elektroinnstallatør
Tlf. 56 38 94 24
Mobil: 928 41 790
E-mail: post@oygarden-elektriske.no

TORSVIK
ELEKTRISKE AS
Torsteinsvik - 5337 RONG

Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/parabolanlegg
Elektroverksted
Elektrisk forretning

**Tlf. 56 38 50 00**
Vakttelefon 922 34 062
www.torsteinsvik.no

**Harkestad Betong AS**
Utsalg på Straume
Tlf. 56 33 00 70

**Betong og betongprodukter**
Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01
5336 TJELDSTØ

**Malvin Harkestad & Sønner AS**

**Alt i grunn- og betongarbeid**
Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01

# Søndag 10. desember

*Kva er det ?*
Slik spør du kan hende. Jau, det er Kristen-Norges landsomfattande bøsseinnsamling for ei betre verd.
*Kva går desse pengane til?*
Kort fortalt : Til diakonalt helsearbeid, vaksinering, opplysningsarbeid for å hindra sjukdomar Arbeid for å gi folk reint vatn, gi hjelp til å utvikla betre jordbruk, arbeida for betre høve til skulegang for born og unge, forsoningsarbeid mellom ulike folkegrupper.

*Kven står bak aksjonen ?*
20 misjonsorganisasjonar i Noreg. Aksjonen vart òg gjennomført i 1982 og i 2000. I år 2000 var Øygarden ein av dei kommunane i Hordaland som gav mest til Aksjon Håp. Skal me greia det same i år ?

**Sundag 10.desember mellom kl. 1400 og 1600** vil alle husstandar i Øygarden få besøk av bøsseberarar som ber om ei gåve til Aksjon Håp. Ta vel imot dei !
Ver med på å fylla ei bøsse med HÅP !
På førehand takk !

*Øygardskomiteen for Aksjon Håp: Ingebjørg Sæle, Erling Vik, Solveig Blom, Alv Svein Blomvågnes.*

Ynskjer du å vera bøsseberar ? Meld deg snarast til ein i komiteen !

B&M
Bok&Media

Bok & Media* Vestbok
Vetrlidsallmenningen 1 5014 Bergen
Tlf: 55 31 79 63
www.vestbok.no

**Ver tidlig ute med di julehelsing. Siste frist 22.des. Vi formidlar no til heile landet og utlandet.**



Blomsterbua
Rong senter
Telefon: 56 38 92 65
Postboks 107, 5331 Rong



# Ein trufast slitar i kommunen gjennom 39 år

**Ved nyttårsskiftet seier ein av veteranane i Øygarden kommune, økonomisjef Frank Skjold, takk for seg og går over i pensjonistane sine rekkjer. I heile 39 år har han samanhengande arbeidd *i* og *for* Øygarden kommune. I denne perioden har han tent under 8 ordførarar. Ei slik lang teneste avkrev stor respekt.**

Tekst og foto: Odd N. Thormodsæter



Vi møter Frank på kontoret i 2. høgda i kommunehuset på Tjeldstø der han har eit vidt og flott utsyn over Hjeltefjorden og øyane sørover.

*- Kva er grunnen til at du har lagt ned heile di yrkesaktive tid her i Øygarden?*
Dei fleste på min alder som tok utdanning, flytta ut for å få seg arbeid. Eg gjekk på ein måte mot straumen og flytta attende. Grunnen er nok at eg alltid har trivest her. Og så var eg så heldig å få eit arbeid å gå til.

*- Kvar i Øygarden starta du karrieren din?*
Dei første åra haldt eg til på gamleskulen i Blomvåg som kontorfullmektig. Det var litt av ei reis å koma seg frå Skjold til Blomvåg på den tida, - heile 2 timar kunne vi stundom bruka på strekninga Skjold – Blomvåg. Ofte måtte eg overnatta på gamleskulen når skuleskyssen ikkje gjekk. Men det er mykje som er lett når ein er ung og sprek!

I 1973 vart kommunehuset reist. Då vart det reine luksusen å koma seg på jobb for oss som budde nordom Straumsundet.

*- Du har opplevd litt av ei økonomisk utvikling gjennom desse åra!*
Ja, det skal eg lova deg. Budsjettet for Øygarden kommune i 1967 var på vel 4 millionar,- det same som kyrkja får i tilskot i dag! Det budsjettet eg har liggjande på bordet for 2006 er på heile 283 millionar, så her snakkar vi verkeleg om ein økonomisk revolusjon!

*- Du har vore med som leiar i Hjelme sokneråd i fleire periodar?*
Ja, den første perioden var på 70-talet. Då vart eg nærast kasta inn som leiar, sidan han som var valt omkom på sjøen. Seinare har det vorte fleire periodar, - den siste avslutta eg i 2005. Dette er eit "fritidsarbeid" som har gitt meg mykje. Skulle eg peika på eit minus med denne tenesta, må det vera kjensla av for mykje overstyring og at vi hadde for lite å seia i mange saker som først og fremst gjaldt tilsetjingar i kyrkja.
Eg hadde ingen sekretær i dette arbeidet, bortsett frå i siste perioden. Dette førte til mykje kveldsarbeid.
I dei forskjellige soknerāda har vi vore sparde for dei store meiningsbrytingane. Det har stort sett vore samstemde vedtak, noko som sjølvsagt letta arbeidet i rådet.
Eg vil også understreka det gode tilhøvet vi i alle år har hatt mellom kyrkje og bedehusfolket, og til prestane våre. Det har stort sett vore same folket som har gått både i kyrkje og bedehus.

*- Du er jo berre 63 år – kvifor sluttar du no?*
Eg ønskjer å slutta medan eg enno kan realisera ting eg har drøymt om å få tid til.
Tenk å få tid til å gå turar i skog og mark, ta båten ein tur når eg sjølv vil, reisa og oppleva "andre riker og land"! Det vert ofte frå politikarar på riksplan snakka om at folk må stå lenger i arbeid. Men diverre legg ikkje samfunnet/arbeidsgjevarar godt nok til rette for dette. Det vert heile tida snakka om større effektivitet!. Det er lite samsvar mellom dette og å bli eldre. Dette er ikkje nokon kritikk mot arbeidsgjevaren min, men slik er realitetane i samfunnet i dag.

***Kyrkja i Øygarden vil med dette takka Frank Skjold for lang og trufast teneste til beste for folket i den kommunen han valde å gi si arbeidskraft til!***

# KOMMUNEN OG KYRKJA PÅ FLYTTEFOT

Kommunestyret i Øygarden har bestemt å samla kommuneadministrasjonen på Rong. Helse- og tenestesenteret vert det nye kommunehuset, men bygget er ikkje stort nok til å romma alle offentlege tenester som i dag er etablert i Øygarden. Kommunen skal difor leiga lokale i Rong senter. Kyrkjekon-toret flyttar til senteret saman med biblioteket og fysioterapeuten.



*Åse Vik Kommunalsjef og prosjektleiar for flytteprosessen*

På helse- og tenestesenteret finn du som før mellom anna legekontor, helsestasjon, sosialkontor, barnevern og tekniske tenester. Frå kommunehuset på Tjeldstø flyttar kulturkontor, økonomikontor og resten av administrasjonen. Målet er å gjera dei kommunale tenestene lettare tilgjengelege for deg som innbyggjar. Ved å samla alt i eit område får du utført fleire ærend samstundes, til dømes kan handleturen kombinerast med å låna ei god bok på biblioteket. Eller du kan levera søknad om byggjeløyve i same farten som du handlar mjølk og brød.

Det er mange brikker som skal på plass, men me reknar med å flytta rundt årskiftet 2007/2008.

# Kjære flotte konfirmantar



Det har vore så kjekt å bli kjent med dykk. De er så positive og spørjande. Dette halvåret har me fokusert på Jesus, kven han er, kvifor han døydde og stod opp igjen, og kva det vil seie å vere kristen. Det handlar ikkje om kor snille og greie me er, men om å *tru* på Jesus, og la Han komme inn i liva våre.
No er det snart jul, og me feriar at Jesus kom. Men det er lett å gløyme Jesus midt opp i alt anna som skjer. Men kanskje du kan tenkje på det denne jula, at Jesus kom fordi Gud elskar deg så høgt. Han ser deg, kjenner deg og elskar deg akkurat slik du er.

GOD JUL!
*Juleklem frå Synnøve*

## Takk

til alle frivillige medarbeidarar i kyrkje- kor- og eldrearbeid for godt utført arbeid dette året.

Jule- og nyttårshelsing frå sokneprest og stab i Øygarden prestegjeld

## Velkommen til samling i I.N.R.I – felleskapet På Rong bedehus kl. 16:30

| | |
|---|---|
| Søndag 7. januar | Søndag 1. april |
| Søndag 21. januar | Søndag 29. april |
| Søndag 4. februar | Søndag 13. mai |
| Søndag 18. februar | Søndag 27. mai |
| Søndag 4. mars | Søndag 10. juni |
| Søndag 18. mars | |

Det er søndagskule i kjellaren. Mykje lovsang. Alltid kaffi, saft og kaker etter samlingane.

# *Skule- og barnehagegudstenester 2006*

Tradisjonen tru – også i år skal vi ha gudstenester for barnehagane og skulane i Øygarden når vi går inn i julehøgtida. Dette er noko vi ser fram til, og vonar det vert ei god avsluttning for dette skulehalvåret og ei god feiring av Jesu fødsel!
Tidspunktene for gudstenestene vert:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fredag 15. des kl. 09:00 | Toftøy skule. | Blomvåg kyrkje | S. Martinsen / S. Voldsund |
| Fredag 15. des kl. 10:30 | Barnehagane. | Hjelme kyrkje | S. Martinsen/ S.Voldsund |
| Tirsdag 19. des kl. 09:00 | Blomvåg skule. | Blomvåg kyrkje | S. Martinsen/ S. Voldsund |
| Tirsdag 19. des kl. 11:00 | Alvheim/ Bakken. | Hjelme kyrkje | S. Martinsen/ S. Voldsund |
| Tirsdag 19. des kl. 18:00 | Rong skule – kantate. | Blomvåg krk. | Rong skule |
| Onsdag 20. des kl. 10:30 | Øygarden ungd. skule. | Blomvåg krk. | S. Martinsen/ S. Voldsund |

Då ser vi fram til å møta dykk!

# Ny sjefsbarnevakt

**- Jeg pleier å omtale meg selv som en hybrid, det vil si en kloning av ulike arter som normalt ikke hører sammen, sier Øystein Samnøen – BarneVaktens nye leder som også er markedsøkonom, interiørkonsulent og dramapedagog.**



Av Ragnhild Aadland Høen,
ragnhild@barnevakten.no

I september gikk BarneVaktens daglige leder Stig Ryland ut i permisjon, og organisasjonen hentet inn en ung østlending fra Hamar til rollen som sjefsbarnevakt. Øystein Samnøen (32) er utdannet økonom med fordypning i markedsføring. Han er i tillegg interiørkonsulent og har studert dramapedagogikk og teater ved Høgskolen i Oslo.
– A4-formatet har aldri passet meg og mitt liv. Jeg elsker å kombinere kreativitet og system. Form og retning. Innpakning og innhold. Drømmer og strategi, sier Samnøen, som har en allsidig bakgrunn fra kommunikasjons- og organisasjonslivet.

**Elektrofil**
– Kall meg gjerne elektrofil, jeg har alltid elsket kommunikasjonsverdenen. Lyd, bilde og digitale medier er like mye en hobby som profesjon, dette ser jeg på som en styrke i rollen som leder for BarneVakten. Jeg tror det gir meg troverdighet i møte med mediebransjen, sier Samnøen.
Han er opptatt av kvaliteten på medieinnholdet, og at tilbudet er tilpasset målgruppen.
– Barn og unge fortjener det beste!

**Næringsrikt medietilbud**
Store deler av et menneskes liv og personlighet blir formet i løpet av barneårene, derfor mener Samnøen at medietilbudet til barn og unge bør være både engasjerende, stimulerende og utviklende.
– Samtidig har barn krav på beskyttelse fra medieinnhold som ikke er egnet eller beregnet for barn. For å lykkes med et næringsrikt medietilbud trenger vi et godt samspill mellom foreldre, skole, kommersielle aktører og landets politiske ledelse. Barna er samfunnets fremtid og barnas medietilbud blir dermed et felles ansvar, mener barnevakten.

**Engasjert barnevakt**
Han er fascinert over den nasjonale posisjonen BarneVakten har spilt seg frem til i Norge, og tror det skyldes faglig tyngde kombinert med evnen til å være nyansert.
–BarneVakten har god dialog med både foreldre og mediebransjen, og inviteres til samarbeid med flere av landets største medieaktører. Det er et enormt behov for informasjon og bevisstgjøring hos både foreldre og barn. Barn og unge må aldri overlates til kommersialismen, derfor er det sunt for alle parter at det finnes en ideell aktør som BarneVakten.Vi skal fortsette med å informere, inspirere og utfordre!

## Takk

Takk for gåva på kr. 2110,- til Hjelme gamle kyrkje ved gravferda til Anna Hellesund

## Takk!

Hjarteleg takk for blomsterhelsingar og omtanke ved vår lille datter og søster, Andrines bortgang.
Vivian, Jan Fredrik, Alexander og Malin

## Velkommen til eldretreff våren 2007

| **Blomvåg: kl. 16:00 på Tednebakkane** | **Hjelme: kl. 16:45 i kyrkjelydssalen** |
|---|---|
| Torsd.18. januar | Onsd. 17. januar |
| Torsd. 22. februar | Onsd. 21. februar |
| Torsd. 22. mars | Onsd. 21. mars |
| Torsd. 19. april | Onsd. 18. april |
| Torsd. 24. mai | Onsd. 9. mai |
| tur i juni | tur i juni |

## GUDSTENESTER

10. des **Blomvåg kyrkje kl.11:00** Fam.messe v/ Svenn Martinsen. Offer til Aksjon håp. Nattverd
17. des **Hjelme kyrkje kl. 11:00** Fam.messe v/ Otto Høvik. Nattverd. Høve til dåp
24. des **Tednebakkane omsorgsenter kl. 11:00** Gudsteneste v/ Svenn Martinsen
24. des **Blomvåg kyrkje kl. 14:30** Familiegudsteneste v/ Helge Unneland. Offer til Strømmestiftelsen, sjå side 4
24. des **Blomvåg kyrkje kl. 16:00** Familiegudsteneste v/prost Erling Kopperud. Offer til Strømmestiftelsen., sjå side 4
24. des **Hjelme kyrkje kl. 16:00** Familiegudsteneste v/ Svenn Martinsen. Offer til Strømmestiftelsen, sjå side 4
25. des **Hjelme kyrkje kl. 12:00** Høgtidsgudsteneste v/ Helge Unneland. Offer til Det Norske Misjonsselskap. Nattverd.
26. des **Blomvåg kyrkje kl. 12:00** Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Offer til Det Norske Misjonsselskap .Dåp .Nattverd.
01. jan **Hjelme kyrkje kl. 12:00** Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd
07. jan **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd. Høve til dåp
14. jan **Hjelme kyrkje kl. 11:00** Familiemesse v/ Helge Unneland. Nattverd. Dåp
21. jan **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Familiemesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd
28. jan **Hjelme kyrkje kl. 11:00** Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd
04. feb **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd
11. feb **Hjelme kyrkje kl. 11:00** Fam.messe v/ Svenn Martinsen. Nattverd. Høve til dåp

# Velkommen til julefest

**Hellesøy bedehus** - Familiejulefest fredag 29. des kl. 17:00. Program med borna, juletregang og mat.
**Tjeldstø bedehus** - Familiejulefest fredag 29. des kl.18:00. Tale v Signe E. Rong
**Blomvåg bedehus (vestre)-** Julefest lørdag 6. januar kl. 18:00. Tale v/ Otto Høvik
**Blom bedehus** -Familiejulefest onsdag 27. des kl. 18:00. Tale v/ John Hardang, program av søndagsskuleborna, juletregang og god mat.
**Rong bedehus** - Familiejulefest torsdag 28. des kl. 18:00.
**Vik bedehus** - Nyttårsfest lørdag 30. des kl. 19:00. Tale v/ Otto Høvik. Song og musikkinnslag. Juletregong.

# Hørselkontroll

Hørselkontroll er eit tilbod til eldre og uføre som ynskjer hørselmåling og/ eller utprøving av høyreapparat, eller som vil ha kontroll av det høyreapparatet som dei alt har. Ta kontakt med Øygarden kommune, Eleri Mai Oen Fossem, 56 38 23 54 mån - fre 0900-1400 for nærare informasjon.

## TIL LUKKE

**70 år:**
20.des. Maria Nilsina Lokøen, Tjeldstø
10.jan. Astrid Mongstad Ødegård, Rossnes

**75 år:**
17.des. Karstein Garatun, Tjeldstø
26.des. Magny Beate Turøy, Rong
10.jan. Ninni Johanne Renså, Bakken
20.jan. Magnus Dåvøy, Dåvøy
22.jan. Oddbjørg Toft, Vik
01.feb. Reidar Eilert Svellingen, Svellingen

**80 år:**
31.des. Johannes Ottesen, Nordvik
05.jan. Ingrid Herborg Oen, Oen
06.feb. Kamilla Borgny Hansen, Toft

**85 år:**
26.des. Rasmus Sigmund Haugetun, Tjødnarvegen
07.jan. Maria Kamilla Sæle, Nordre Sæle
08.jan. Ingvarda Gurine Andrine Johnsen, Toft
02.feb. Peder Johan Pedersen, Nautnes

**90 år:**
02.jan. Mons Andreas Toft, Toft

## KYRKJELEGE HANDLINGAR

### Døypte

**Blomvåg:**
Tuva Rossnes, Hildarshaugen
Ingeborg Vestbøstad Vik, Knappen
Stefan Blom, Toft
Sofia Stølsnes-Hagenes, Blom

**Hjelme:**
Lukas Hjartøy Fjellstad, Veslevarden

### Døde

**Blomvåg:**
Andrine Torsvik Dale, Torsvik f 2006
Martin Jonas Sulen, Torsvik f. 1927
Kristoffer Fjeldstad, Tjødnarvegen f. 1921
Helena Marie Vik, Vik f 1918
Anna Harkestad, Tednebakkane, f. 1912

**Hjelme:**
Anna Oliva Hellesund, Hellesund f. 1934
Magnus Martin Fjeldstad, Tjeldstø f. 1919

### Vigde

**Blomvåg:**
Therese Tveit og Tomas Rossnes

# Julekonsertar:

7. des kl. 19:00 i Blomvåg kyrkje: Rong brass
16. des kl. 18:00 i Hjelme kyrkje: Vi syng jula inn
17. des kl. 17:00 i Blomvåg kyrkje: Vi syng jula inn.

**B-BLAD**

Returadresse:
ØYNYTT
Boks 144
5331 RONG

# På førjulsbesøk i smågruppa i Tjeldstø barnehage





Det stormar og regnar fælt denne måndagen vi er på besøk, men inne er barna i full aktivitet med å førebu pepperkakeutstillinga på Øygarden folkebibliotek. Under leiing av pedagogisk leiar, Lene Elde, går det unna med handavtrykk og kakeformer i smågruppa som tel 12 barn.

På biblioteket kan dei som vil koma inn og sjå små og store kunstverk frå og med måndag 4. desember.

Dei større barna skal senda sine produkt til Galleriet i Bergen der det vil bli ein skikkeleg stor pepperkakehus-utstilling.

***Og til alle barnehagebarn i Øygarden: Vel møtt til gudsteneste i Hjelme kyrkje fredag 15. desember kl 1030. Vi gler oss til å møta dykk alle!***





